

# H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

## STYREMØTE

---

Møtedato: 6. oktober 2020

Tidspunkt: kl. 0900 – 1155

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Arnljot Muren

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S47/20 – S55/20

---

### **Vedtaksaker:**

---

#### **SAK NR S47/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

##### **Tilråding til vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

##### **Styrehandsaming:**

##### **Vedtak, samr.:**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

---

#### **SAK NR S48/20 GODKJENNING AV PROTOKOLLEN FRÅ 10. SEPTEMBER 2020**

##### **Tilråding til vedtak:**

Protokollen frå styremøtet 10. september 2020 vart godkjend og signert.

##### **Styrehandsaming:**

I sak S45/20 bad styret om å få ein statusrapport til neste styremøte, inkludert skriftleg dokumentasjon – ein tiltaksplan – på kva som er gjort, kva som er kommunisert, etc.

##### **Vedtak, samr.:**

Protokollen frå styremøtet 10. september 2020 vart godkjend og signert.

---

**SAK NR S49/20**  
**GODKJENNING AV REKNSKAPET PR. 31. AUGUST 2020**

Reknskapet pr. 31. august 2020, i forhold til budsjettet, er som tidlegare litt prega av koronasituasjonen og høg aktivitet i selskapet – men hovudtala ser ganske bra ut. Korte kommentarar til reknskapet ligg i vedlegget / blir lagt fram på møtet.

Reknskapet pr. 31. august 2020, inkl. balanse, er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret godkjenner reknskapet pr. 31. august 2020.

**Styrehandsaming:**

Reknskapet pr. 31/8-20 var sterkt prega av marknadsprisar nedstraums og tap på fordringar.

**Vedtak, samr.:**

Styret godkjenner reknskapet pr. 31. august 2020.

---

**SAK NR S50/20**  
**PROGNOSE 2020**

Kjende og sannsynlege avvik er tatt med i prognosen (med utgangspunkt i reknskapet pr. 31. august 2020). Generelt er forsiktighetsprinsippet nytta. Avskrivningar er tatt fullt inn frå aktiveringstidspunktet. Koronapandemien og marknadssituasjonen nedstraums gjer enkelte tal litt ekstra usikre. Dette gjeld spesielt lønn, varekostnader og bilkostnader.

Prognosen pr. 31. august 2020 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande

**Styrehandsaming:**

Prognosen reflekterer reknskapet pr. 31/8-20 og endringar som har kome der i forhold til budsjettet.

**Vedtak, samr.**

Styret tar orienteringa til vitande

---

**SAK NR S51/20**  
**BUDSJETT 2021, ØKONOMIPLAN 2021-2024 OG GEBYRREGULATIV 2021**

I forslaget til budsjett for 2021 og til økonomiplan for perioden 2021 – 2024 finn ein følgjande hovudpunkt:

- Ei jamn og langsiktig utvikling i renovasjonsgebyret på hushaldning. Dette for å halde fram utan for store hopp opp eller ned. I budsjettarbeidet har ein hatt eit blikk mot kommunal deflator, kpi og bransjerelatert prisutvikling.
- Ein ser at koronasituasjonen har ført til og vil føre til auka kostnader.
- Myndigheitskrav aukar kostnadene (t.d. på behandling av farleg avfall og stadig nye og strengare krav til behandlingsanlegg). Det same gjer marknadssituasjonen på enkelte fraksjonar (dyrare matavfall og dyrare papir).
- Auka satsing på digitalisering, effektivisering og grøn næringsutvikling.
- Det er likevel viktig å merke seg at effektivisering tidvis vil resultere i litt investeringar (t.d. på digitalisering) og strukturendringar i driftskostnader.
- Eventuelle store investeringar (t.d. i biogassanlegg) er ikkje lagt inn i budsjettet.

Forslaget til budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Gebyrregulativet blir laga når det er fatta endeleg vedtak om justeringane som skal inn der.

**Tilråding til vedtak:**

Styret vedtar, med dei justeringane som kom fram på møtet, budsjettet for 2021, økonomiplanen 2021-2024 og gebyrregulativet for 2021, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

**Styrehandsaming:**

Styret hadde følgjande hovudkommentarar:

- 3 % kostnadsauke på næring og hushaldning.
- Styret bad om utgreiing kost/nytte for innkjøp av ei kvern.
- Styret bad om ei utgreiingssak om effektivisering vinteren 2021.

**Vedtak, samr.:**

Styret vedtar, med dei justeringane som kom fram på møtet rundt lønnsal og prosentvis kostnadsauke, budsjettet for 2021, økonomiplanen 2021-2024 og gebyrregulativet for 2021, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

---

**SAK NR S52/20  
DEPONIET I FLØSTRANDA**

Vedlagt finn de ei utgreiing vedr. det nedlagde deponiet i Fløstranda. Dokumentet / vedlegget er foreløpig unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

SSR kan føreslå følgjande måte løyse utfordringa på:

Ulstein kommune tar på seg hovudansvaret for fyllingane i framtida – som det står i avtalen kommunen har signert med grunneigarane.

Ulstein kommune tar også på seg ansvaret – både ansvarsmessig og praktisk – med arbeidet å få ordna dei forholda på deponiet som må reparerast både no og seinare.

SSR kan ta på seg følgande ansvar:

- Vere rådgivarar og medhjelparar i utgreiingar, vurderingar, o.l.
- Når anbodsgrunnlaget er laga, kan selskapet ta på seg anbodsarbeidet.
- Betale 20 % av kostnadene med å reparere det nedlagde deponiet (oppad avgrensa til kr 100.000 pr. reknskapsår og avhengig av solid drift på næring i selskapet).
- Det må lagast ein formell avtale mellom Ulstein kommune og SSR der desse punkta er presisert.

#### **Styrehandsaming:**

Styret ønskjer at ansvarsfordelinga skal gjenspeile faktisk brukstid på fyllplassen / deponiet.

#### **Vedtak, samr.:**

SSR føreslår følgande måte løyse utfordringa på:

Ulstein kommune tar fortsatt på seg hovudansvaret for fyllingane i framtida – som det står i avtalen kommunen har signert med grunneigarane.

Ulstein kommune tar også på seg ansvaret – både ansvarsmessig og praktisk – med arbeidet å få ordna dei forholda på deponiet som må reparerast både no og seinare.

SSR kan ta på seg følgande ansvar:

- Vere rådgivarar og medhjelparar i utgreiingar, vurderingar, o.l.
- Når anbodsgrunnlaget er laga, kan selskapet ta på seg anbodsarbeidet.
- Betale 30 % av kostnadene med å reparere det nedlagde deponiet – kan vere justert for faktisk brukstid. Dette må takast frå drift næring.
- Det må lagast ein formell avtale mellom Ulstein kommune og SSR der desse punkta og andre formelle forhold er presisert.

---

### **SAK NR S53/20 GROVAVFALL, ETC. INKLUDERT I GEBYRET**

Representantskapet har vedtatt at styret skal legge fram ei utgreiing rundt å inkludere grovavfall i gebyret og ta betalt for grein- og hageavfallet. Saka skal opp i representantskapet 5. november 2020. Det har kome fleire innspel til temaene som saka omhandlar, og eventuelle løysingar er ikkje nødvendigvis enkle, men administrasjonen meiner å kunne legge fram ei salomonisk løysing på saka – dersom det skal gjerast endringar i ei velfungerande ordning. Administrasjonen tilrår at det

ikkje blir gjort endringar med bakgrunn i situasjonen lokalt og lovmessig i forhold til forureiningslova.

Dokumentet / vedlegget, som var utsendt i forkant av møtet, er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar utgreiinga til vitande og meiner den gir eit godt svar på vegen vidare i ei litt komplisert sak. Styret sender saka vidare til representantskapet for endeleg vedtak der, men støttar samstundes administrasjonen sitt syn på at det ikkje er rett å gjere slike kostnadskreivande endringar no.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar utgreiinga til vitande og meiner den gir eit godt svar på vegen vidare i ei litt komplisert sak. Sidan saka er komplisert og berører mange viktige forhold ved selskapets kjerneverksemd, er det viktig med ein god prosess der alle sider av saka er berørt og godt belyst. Styret tar opp saka om grovavfall inkludert i gebyret som orienterings-/diskusjonssak i representantskapet i haust. Når det gjeld saka om å ta betalt for hageavfallet blir denne saka skilt ut frå hovudsaka og tatt som eigen sak. Administrasjonen jobbar vidare med QR-koder og andre måtar å identifisere kundane på uavhengig av dei to andre sakene.

---

**Orienterings- / drøftings- / vedtakssaker:**

---

**SAK NR S54/20**  
**DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgande saker:

- Status samarbeid med andre selskap i regionen.
- Status VAR-prosjektet.
- Status SSR og koronapandemien.
- Lønnsstatistikk pr. september 2020.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar orienteringa til vitande.

---

**SAK NR S55/20**

**SAKLISTA TIL REPRESENTANTSKAPSMØTET 5. NOVEMBER 2020**

Vedlagt finn de saklista til møtet i representantskapet 5. november 2020 kl. 10.00. Denne saka er berre ein kort gjennomgang av sakene på møtet, litt pep-talk, etc.

**Tilråding til vedtak:**

Styret tar orienteringa til vitande.

**Styrehandsaming:**

**Vedtak, samr.:**

Styret tar saka til vitande – med endringa i saklista som kom fram i sak S53/20.

---

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, 6. oktober 2020

  
George Fulford  
styreleiar

  
Camilla Storøy  
nestleiar

  
Margareth Leinebø

  
Anne Holstad

  
Kjartan Grimstad

  
Bjarne Uglum

  
Einar Heimdal  
dagleg leiar